

## ÅRSMELDING 1986 FOR VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

Årsmøtet på Grindaheim Turisthotell 15.januar 1986 samla 24 av lagets 50 medlemmer - ein frammøteprosent på 50! Dei valde dette styret for 1986:

Leiar : Nils Rogn  
Nestleiar : Nils Leine  
Kasserar : Kari Hagaseth  
Skrivar : Inger Paulsen  
Styremedlem: Ola Norvald Hagen  
Varamedlem : Ingebjørg Haugen og Endre Hemsing

Revisorane våre - Knut Hemsing og Arvid Jac. Myhre - vart attvalde. Ny valnemd vart Knut Hemsing, Anna Wangensteen og Ingrid Grøv.

Styret har i meldingsåret hatt seks styremøter. Medlemmene har fått tilsendt to rundskriv om våre aktivitetar. Våre spelemann og -kvinner har i tillegg fått to skriv i samband med ulike speloppdrag.

Gamaldansstafetten dro i gang i nyrestaurert hus på Vennis 26.januar. Her instruerte Anne Marie og Bjørn Skøre. 1.mars var stafetten kome til VBU, og 13.april kom me på nytt attende til Vennis. Denne gongen med litt polsinstruksjon ved Sigrid og Jon E.

Februarfesten i Hugali vart arrangert den 15. med heile 72 deltagarar. Mykje musikk og dans og Valdres Radio gav oss og festen god PR med eit lengere innslag.

Kurs hadde me også i sving i vårsemesteret. Arne Hagerup trakerte toraderen i lag med seks vangskjeldingar og tre slidringar. Speløvingane på hardingfele samla på det meste 14 utøvarar - av desse tre under 14 år. Trygve Bolstad var med oss annankvar gong. I lag med Friundervisninga fekk me i gang kurs i springar. Knut Steinsrud lærde bort stega til 9 komande stordansarar(?). Hallingdans hadde me og i gang. Seks guitar og eit par jenter spende hatten så det kost! Dei åtte hallingdansarane våre var forresten på gjesting i Etnedal 14.februar. Her gjekk det med ein skuledag til hallingdans og go'karstykkje i lag med 7. klassen der.

Eit lenge planlagt tiltak vart også realisert denne våren. Me fekk gjennomført eit to-timars opplegg med lokale tradisjonar for barnehagen og småskulen (1.-3. kl.). I og med at kommunen frå hausten skulle starte musikkskule, håpa me å stimulere elevane til å velje opplæring på folkemusikkinstrument. Me fekk særskilt god respons og positive reaksjonar i alle dei fire kretsane. I samband med dette kan også nemnast at det vart orientert om eit mulig opplegg med folkemusikk/-dans som valfag for 7. kl. på VBU. Her melde det seg fire interesserte som dverre var litt for få.

Helga 7.-9. mars arrangerte me i lag med Folkemusikknesda for Valdres eit speltreff for valdrisar og hallingar på Åsvang. Trygve Bolstad, Andris Dahle og Knut Fauske leia opplæringa for 12 valdrisar og 7 hallingar. Laurdagskvelden hadde me kulturkveld med hardingfelekonsert og dans på samfunnshuset.

Det vart elles mykje spelting på oss utetter vinteren og våren. Gamaldansstafetten er alt nemd. På årsmøtet i Friundervisninga bidro song- og spelgruppa med musikk. For pensjonistane har me sytt for dansemusikk av og til, mellom anna på årsmøtet deira i januar og på eit "moteshow" på VBU sist i april. Østlandsmeieriet Vang ynskte dansemusikk på sitt valmøte 2.april, og det fekk dei sjølv om 3-4 dansepar ikkje gav den heilt store spelinspirasjonen. Valdres Mållag hadde sitt årsmøte i Vang 4.april, og felemusikk og langeleiklæte sytte me for. Live Aid - konsert var det på VBU 27.april, og her imponerte Ola Norvald Hagen med godt felespel. Heile laget deltok også med tre melodiar. I lag med Folkeakademiet og Kulturstyret arrangerte me 16.april ein kveld med visesongar Kristi Kinsarvik og fylkeskonservator Arnfinn Engen på Åsvang. Dei underheldt med folkeviser og kåseri/lysbitar om byggeskikk i Oppland. Og etterpå var det dans...

Fjoråret var på mange måtar eit langeleikår her i Valdres. Plata og spelemannsprisen hennar Elisabeth Kværne gav støytet til ny satsing på dette instrumentet. I januar

var det eit langeleikseminar i Ø.-Slidre med bortimot 40 deltagarar , av desse fire frå Vång. Endre Hemsing vart med i ein tremannskomite som skulle ta hand om det vidare arbeidet. Seinare har gruppa vorte utvida - Bjørg Berge har vorte med herifrå - og kallar seg for "Prosjekt Langeleik" med dertil høyrande prosjektmidlar. 14.april vart det i samband med dette arrangert eit langeleiktreff for Vang og Vestre Slidre på Åsvang. Ætte samla ti deltagarar.

Folkemusikknesda for Valdres hadde sitt årsmøte 4.april, og ny formann etter Ola Grihamar vart Anna Fuglesteg. Våre representantar er no Kari Hagseth og underteikna. Folkemusikknesda er elles under omorganisering, og dette blir ventet teke opp på årsmøtet i 1987.

Eit anna viktig årsmøte var i Oslo 19.-20. april. Landslaget for Spelemenn skulle då mellom anna ta stilling til gamaldansen som del av arbeidsfeltet. Frå oss møtt tre med underteikna som utsending. Rekordstor oppslutning med heile 86 utsendingar tyda på stor interesse. Diverre vart det splitting på gamaldanssaka. 55 lag - deriblant vårt - stemde for styret si line, medan 25 røysta i mot.

Lokalkappleiken var dette året komne å Øystre Slidre. 26.april møttest yngre og eldre utøvarar til tevling, og frå oss deltok fem i spel hardingfele og to i dans.

Fyrst i juni underheldt me med song og spel for ei busslast pensjonerte lærarar på Mjøsvang. Same kvelden var me også engasjerte til å framføre litt lokal kultur før ein gjeng amerikanske legar oppå Nystuen.

Høgdepunktet for laget dette året var mellom kl. 00.45 -01.30 natt til sundag 22. juni. Då sto spelemennene våre på scena i Geiloallen for å avslutte gamaldansen (den offisielle!) på årets landskappleik. Ola Norvald Hagen gjorde ein sær god innsats i klasse C, og vart der femte beste spelemann av tolv. Ola har vore ein god representant for laget på fleire kappleikar dette året. I tillegg hadde Ola og broren Nils Oddvar samt Arne Hagerup ein halvtime med folkemusikk på P2 21.august.

På Hilmestemnet deltok også dette året fleire frå laget, og stemmet vart avslutta på tradisjonelt vis med dansespel av Valdreskvelen i Slidrehuset. 4.oktober vart det halde skalkefest på Slidrehuset med oppsummering og planlegging av dei komande Hilmestemner. Tolv "valdreskvelvar" deltok.

Helga 1. og 2.august heldt Verne-Vøla dugnad på Sørre Kvam. Laget vårt sytte for underhaldning og dansespel laurdagskvelden. Bente Ingholm og Endre Hemsing underheldt med fele, song og langeleik. Arvid Jac. Myhre sto for musikk til arbeidet fredagen.

Hausten starta opp att med kursaktivitetar. Fele gjekk som vanleg, men våre træ yngste utøvarar fekk no undervisning av Trygv Bolstad gjennom musikkskulen som kom i gang denne hausten. Diverre fekk me ikkje nok interesserte i andre folkemusikk-instrument til at undervisning kunne koma i gang. Men andre kurs som me prøvde oss på var langeleik med Oddrun Hegge (4 delt.), pols med Sigrid og Jon Eggen (12 delt.) og halling med Ingar Ranheim (8 delt.). Av desse var det berre polskurset me fekk statsstønad på (arr. i lag med Friundervisninga). Dei andre to hadde for få og for unge deltagarar til å tilfredsstille krava.

Kommunevåpen for Vang var også ei sak me engasjerte oss i. Vårt munnharpeforslag kom på andre plass i kulturstyret etter løvemotivet. Kommunestyret avgjer saka på nyåret.

Hausten vart elles på mange måtar prega av iranske asylsökjarar her i Vang. I sept./oktober kom 50 til Grindaheim Turisthotell, og folketetalet i bygda auka såleis med 3% på ubestemt tid. Sjølvsaqt kunne ikkje bygdefolket stille seg likegyldige til denne nye situasjonen, - og heller ikkje spel- og dansarlaget. Difor tok me kontakt med hotelllet og vart med på å lage i stand ein norsk - iransk kveld der 24.oktober. Her vart det festleg samvær med utveksling av tradisjonar innan musikk, dans og mat. Kvelden darma såleis grunnlag for kontakt og betre forståing for deira situasjon. Seinare følge låget opp med eit større arrangement på VBÜ 30.november, der iranarar frå Ringebu og Vang arrangerte kulturkveld saman med kulturstyret og oss.

Medlemsfesten me plar ha om hausten vart i år lagt til Tyinkrysset Fjellstue laurdag 22.november. Festen samla nær 70 deltagarar, deriblant 10-12 iranarar som let oss få ta del i deira musikk og dans - og dei tok del i vår!

På ein basar som Helselaget i Vang arrangerte på Åsvang 7.november underheldt Bjørg, Kari og Inger med song og langeleikspel. Gamaldansstafetten kom så vidt i gang att føre nyttår, og Torpe krins heldt hus 14.desember. I Øystre Slidre vart det også i år arrangert yngretreff like føre jol , og seks vangskjeldingar var tilstades.

Til slutt kan det kort nemnast at laget har vore representert på fleire møter i samband med folkemusikklinja på Fagernes. Diverre kom ikkje denne i gang dette året, og det ser svart ut for framtida også. Laget har elles uttala seg om ein definisjon av folkemusikkomgrepet. Frå musikkskulen har me fått tilbod om å kjøpe instruksjons-hjelp - og har takka ja for spel- og songgruppa sin del.

Ved årsskiftet hadde me 59 betalande medlemmer, ein auke på ni frå året før. Økonomien må seiast å vere god. Kulturmidlar og gavé frå Vang Sparebank er vesentlege og kjærkomne tilskot til drift av laget.

Arbeidsåret 1986 har vore godt både i kvalitet og kvantitet. Me er aktive på mange felt innan arbeidsområdet vårt - folkemusikk og -dans. Men me er ikkje fleire enn at det nødvendigvis fell mykje arbeid og oppgåver på nokre få. Likevel gjer eit utruleg godt samarbeid og miljø til at alt glir lett. Det har vore fire inspirerande og gjevande år som leiar for laget, og det er berre som det skal vera når stafett-pinnen no blir overlate til ein ny leiar for spel- og dansarlaget vårt.

Øylo 1.februar 1987

Nils Rogn